

Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
v/Arbeidslaget Kompetansefylket Hordaland
Postboks 7900
5020 Bergen

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
35/06

Dykkar ref.:
200600700-4/135/MTOR

Lonevåg, 24.05.06

Program for samarbeid mellom vidaregåande skular, næringsliv og lokalsamfunn

Prosjekt KAM, Kompetansesenteret for avansert maskinering

I det vi viser til utlysinga frå 25.04.06 med tittelen Program for samarbeid mellom vidaregåande skular, næringsliv og lokalsamfunn, søker vi kr 500.000 for 2006 og kr 500.000 for kvart av åra 2007 og 2008 til prosjektet KAM. Totalbudsjettet er på 3 mill kr. 50% av dette er pårekna tilskott frå Hordaland fylkeskommune. Prosjektperioden er 2006-2008.

Prosjekt KAM, Kompetansesenter for avansert maskinering, gjeld eit omfattande samarbeid med Osterøy kommune, industrikonsulent Lars Mjøs, fleire bedriftsleiarar, Osterøy Industrilag og engasjerte politikarar. Desse representerer eit nettverk i ei arbeidsgruppe som ber namnet "Komitéen for vidareutvikling av Osterøy vidaregåande skule". Denne komitéen fungerer som prosjektgruppe.

Komitéen har vore i arbeid 1 ½ år og bl.a. levert viktige premisser før vedtaket i fylkestinget 14.3.06 om nytt skulebygg for Osterøy vidaregåande skule. Osterøyindustrien utarbeidde skisseprosjekt på dugnad våren 2005 og løyvde kr 240.000.- til planarbeid som låg bak denne søknaden frå Osterøy, og Osterøy kommune har stilt til rådvelde gratis tomt. (Nytt skulebygg inngår som ein viktig del av å styrkja skulen sitt opplæringstilbod)

Hovudmålet er likevel å få til endringar i opplæringa innanfor mekanisk/teknisk opplæring. Vår skule, saman med andre skular, slit med gamle, forelda maskiner som fagfolk ser på som lite brukande til opplæringsformål i dag. Bedrifter på Osterøy og elles i regionen treng rekruttering frå skulen av folk med ein annan kompetanse enn vi i dag kan gje. Bedriftene påpeikar at det kostar dei altfor mykje å ta inn lærlingar, for dei har i dag manglande bakgrunn for å arbeida med moderne maskinutstyr, og det gjev for høge kostnader å gje dei så omfattande opplæring som dei no treng. Bedriftene ligg i skarp internasjonal konkurranse med

auka konkurranse frå lågkostland. Næringslivet ser difor klart den store fordel dei vil oppnå dersom Osterøy vidaregåande skule fekk høve til å driva opplæring på moderne opplæringsmaskiner. Opplæring i skulen, kombinert med opplæring/praksis i bedrift i skuletida, vil då gje elevar relevant og høg kompetanse som industrien no etterspør.

Næringslivet har gjeve, og er framleis villig til å gje betydelege økonomiske bidrag til dette, dersom fylket også støttar opp, og skulen og lokalsamfunnet er villige å yta det dei kan for å styrkja og modernisera den ”tekniske opplæringa” i skulen vår. Samstundes vil dette styrkja grunnlaget for elevrekruttering til skulen, og markera tydeleg ein pedagogisk profil der samhandling med lokalsamfunnet vert sterkt profilert. Skulen skal, saman med næringslivet, bli eit ressurscenter for næringsutvikling og lokal samfunnsutvikling, der skulen kan tilby opplæring og kompetanse på eit høgt nivå innan avansert maskinering og robothandtering. I det pågåande prosjektarbeidet er det til no 13 bedrifter på Osterøy, i Nordhordland og elles i Bergensområdet som støttar prosjektet og målsetjingane våre. Desse bedriftene representerer vel 2300 tilsette. Det er påvist at det er eit svært stort behov for elevar/lærlingar frå skule med den type kompetanse som prosjektet KAM legg til rette for.

Men det er klart at det krevst mykje for å fullføra eit så omfattande prosjekt med fleire samarbeidsaktørar og stor økonomisk satsing for å nå oppsette mål. Moderne maskiner kostar, sjølv om dei er brukte, likeins opplæringa av lærarstaben til naudsynt kompetanse. KAM skal drivast fram av ei prosjektleiing, det skal evaluerast, resultat skal formidlast, og vidare tiltak initierast. Til dette er det vi treng eit ”spleiselag” mellom skule, næringsliv og lokalsamfunn der også fylkeskommunen deltek med nødvendig tilskot! Osterøyindustrien har alt løyvt kr 300.000.- til maskinkjøp, og saman med Osterfjord Nærings samarbeid / Regionalt næringsfond for Osterfjorden kr 35.000.- til prosjektleiar i forprosjekt som førebur sjølve hovudprosjektet. Det er gjort vedtak om fleire løyvingar under føresetnad av at hovudprosjektet, KAM, vert fullfinansiert. Det er likevel framleis eit betydeleg gap mellom det som er finansiert og det som trengst vidare av økonomiske midlar. Vi ser det som avgjerande for måloppnåinga at offentleg tilskot frå fylket vert gjeve.

Arbeidet så langt viser dei store felles interessene, det nære samarbeidet mellom skule og lokalsamfunn, og ikkje minst viljen og behovet å ta fatt i utfordringar og utnytta dei rom for endring som Kunnskapsløftet / Kompetanseløftet opnar opp for. Både næringspolitisk og utdanningspolitisk vurderer vi dette samarbeidsprosjektet, KAM, som svært interessant og lovande, og det vil sikkert ha betydelege og positive ringverknader.

Prosjektet KAM ser vi også på som ein modell med stor overføringsverdi for andre skular og lokalsamfunn. Nettverksarbeidet som prosjektet viser, bør vera fullt mogleg for andre å etablere, i seg sjølv ein stor verdi. Vi har i alle fall så langt opplevt og synt andre at slikt samarbeid gjev overbevisande resultat, og vi har stor tru på at det skal kunna gjennomførast med høg grad av måloppnåing, og med varig positiv effekt.

Komitéen / prosjektgruppa som driv fram prosjektet KAM, består av medlemmer som til saman har stor og brei erfaring med prosjektarbeid. Osterøy vidaregåande skule, næringsliv og lokalsamfunn har tidlegare hatt ulike samarbeidsprosjekt, og det har gjeve oss kunnskap om ulike kritiske faktorar, og innsikt i kva som må til for å meistra utfordringar som vi kan møte undervegs.

Vi viser til nærare informasjon om prosjektet i vedlagde prosjektskildring.

Vi viser også til vedlagde og tidlegare oversende rapport, utarbeidd av Komité for vidareutvikling av Osterøy vidaregåande skule pr 31.5.2005: ”Kunnskap og kreativitet – vår framtid, dugnad for ny vidaregåande skule på Osterøy. Underlag for søknad frå Osterøy kommune.”

Trond Eikeland
rektor

Lars Mjøs
industrikonsulent

Norvald Vedå
studieinspektør

Vedlegg: 1. Prosjektskiltring 2. Døme på støtteerklæring frå bedrifter 3. Kunnskap og kreativitet – vår framtid, dugnad for ny vidaregåande skule på Osterøy, Underlag for søknad frå Osterøy kommune.